

Svanemor med ungene sine.

18.06.2016



Svanemor har full kontroll ved kryssing av fylkesvegen på Eik

Det er mange svanepar i Uskedalen. Dei sym langs landet og er godt synlege i miljøet. Frå fagkunnig hald har vi fått opplyst at svanene som held til her i Uskedalen, er sangsvaner. Torsdag i denne veka kryssa svanemor, far og fire ungar fylkesvegen på Ytre Eik.

I rolege former tok mora ansvar for ungene. Svanefar stoppa trafikken, gjekk rundt å brusa med vengene og fekk flokken trygt over vegen. Alle tok omsyn til hendinga. Nokre hoppa ut av bilane og fotograferte. Det var eit vakkert syn.

Hendinga minner oss om eit rikt naturmangfald, sjølv i nærmiljøet og langs ein sterkt trafikkert fylkesveg gjennom Uskedalen.



[Svanefar brusar med vengene og verna om flokken sin](#)

Svanene høyrer til andefamilien og utgjer der ei eiga gruppe saman med gjæsene. Svaner er dei største fuglane i andefamilien, og dei er mellom dei største flygande fuglane, og kan vega opptil 15 kg. Kjønnen har like fjørdrakter, men hannen er generelt større og tyngre enn hoa. Alle artene på den nordlege halvkula har kvit fjørdrakt, medan dei på den sørlege halvkula har ei blanding av svart og kvit.

Desse fuglane lever ved kysten, innsjøar og elvar, men også på land. Dei et mest berre planter, men kan også eta einssilde smådyr i små mengder. Svanene dannar monogame par som varer i mange år, ofte livet ut. Reiret er på bakken og er om lag ein meter i diameter. I motsetnad til mange av dei andre andefuglane, deltek hannen både i byggjinga av reiret og ruginga.

Tekst: Kristian Bringedal og Thor Inge Døssland

Foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland